

---

**Emne:** Høyringsfråsegn (om "koss")

**Til:** Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

**Sendt:** 06.04.2024 10:10:30

**Fra:** Andreas Evensen <andeve3@gmail.com>

Det er flott at dokker vurderer å tillate "koss" igjen. I utgangspunktet var det underleg at ordet vart fjerna, til trass for at det var og er i meir vidstrekt bruk enn "korso" (som "koss" faktisk er sideform av).

Ordet er så geografisk utbreitt, og så nyttig i skrift, at det eigentleg gagnar meir å tillate både "koss" og "korleis" enn både "då" og "da" i normert skrift, sidan "koss" er meir konsist enn alternativet (som kjem til nytte i songtekstar, dikt og liknande). Samstundes har "koss" eit anna og eldre språkhistorisk opphav enn "korleis" (trass at mange ikkje innser dette), og i framtida har ordet betre von om å overleve i talemålet såframt det òg kan brukast i normert skrift.